



STORTINGET

Representantforslag 219 S

(2024–2025)

frå stortingsrepresentantane Sigbjørn Gjelsvik, Else Marie Rødby, Sandra Borch, Trine Fagervik, Åslaug Sem-Jakobsen, Kathrine Kleveland og Kjerstin Wøyen Funderud

Dokument 8:219 S (2024–2025)

Representantforslag frå stortingsrepresentantane Sigbjørn Gjelsvik, Else Marie Rødby, Sandra Borch, Trine Fagervik, Åslaug Sem-Jakobsen, Kathrine Kleveland og Kjerstin Wøyen Funderud om ansvar for statlig bygde bruar

Til Stortinget

Bakgrunn

Etter kvart som veg og bane i Noreg vart bygd ut, har Statens vegvesen og Bane Nor, og deira forløparar, heilt tilbake til 1800-talet og fram til i dag bygd ei rekke bruar over vegar og baner som staten har ansvar for. Mange av desse konstruksjonane er relativt enkle (gang-/sykkelbruar), men ein del av dei er bruar der det går kommunale vegar, og der vedlikehaldet over tid kan koste store beløp. Mange kommunar manglar også kompetanse til å kunne vedlikehalde t.d. ei jernbanebru.

Det har i seinare tid vore uklart og usemje om kven som har ansvaret for å vedlikehalde desse konstruksjonane. Forslagsstillerane vart merksame på problemstillinga etter at Råde kommune tok kontakt tidlegare i vinter. Staten bygde ei jernbanebru der på 1800-talet, Burum bru, som kommunen syner til at dei ikkje har innngått nokon avtale om å ta over. Like fullt hevdar Bane Nor og Samferdselsdepartementet at bruha er kommunen sitt ansvar. Bruha har vore stengd det siste året, som følge av manglande vedlikehald og den uavklarte situasjonen knytt til ansvar. Bane Nor har samstundes sagt at dei tek ansvar for vedlikehald der det er privat veg som kryssar statleg veg og bane.

Då E6 vart bygd ut til firefeltsveg gjennom Østfold, vart det av staten bygd ei rekke bruar over vegen. Gjennom Råde er det fleire bruar. Statens vegvesen og Samferdselsdepartementet meiner at også desse bruene er kommunen sitt ansvar å vedlikehalde. Staten har fram til i dag stått for vedlikehald av desse bruene, noko som Samferdselsdepartementet meiner er ein feil praksis som dei no vil rette opp i. Dette kan påføre både Råde kommune og ei rekke kommunar landet rundt store ekstrakostnader og ansvar. Forslagsstillerane meiner dagens praksis bør vidareførast, slik at kommunar og fylkeskommunar ikkje vert påførte store ekstrakostnader og ansvar.

Vegdirektoratet sende 13. september 2024 på oppdrag frå Samferdselsdepartementet på høyring forslag til forskrifter om ansvarsforhold m.m. når offentlege vegar kryssar kvarandre i same plan eller ved overgangsbru eller vegundergang.

Ifolge Byggeindustrien 5. desember 2024 skal det vere snakk om 400 bruar som er omfatta av forskrifta. Ein del av desse bruene vert ivaretake av kommunar og fylke i dag, men ei rekke bruar vil, dersom forslaget i høyringsdokumentet vert gjennomført, verte overførte frå Statens vegvesen til kommunen eller fylket. Samferdselsministeren skriv i svar på skriftleg spørsmål 21. februar 2025 (Dokument 15:1252 (2024–2025)):

«Per i dag finst det ikkje tilstrekkeleg underlagsmateriale for å kunne berekne vedlikehaldsetterslepet på den enkelte bru»

som forskrifta får verknad for. I dette svaret ligg det ei oversikt over alle bruar som forskrifta gjeld, og kva for nokre av desse som Statens vegvesen i dag har vedlikehaldsansvaret for.

Forslag

På denne bakgrunnen vert det fremma følgande

f o r s l a g :

Stortinget ber regjeringa sørge for ein praksis der staten fortsatt skal ha vedlikeholdsansvar for bruer som staten har bygd, sjølv om det er kommunale vegar eller fylkesvegar på kvar side av bruа.

10. april 2025

Sigbjørn Gjelsvik

Else Marie Rødby

Sandra Borch

Trine Fagervik

Åslaug Sem-Jakobsen

Kathrine Kleveland

Kjerstin Wøyen Funderud